




Hyllestad
kommune

Kulturplan 2022-2025

Kommunedelplan for
kultur, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Hyllestad kommune





Hyllestad kommune
Lifjordvegen 7
6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 95 00
www.hyllestad.kommune.no

INNHALD

1. KVIFOR EIN KULTURPLAN?	3
Kva meiner ein med «kultur»?.....	3
Hyllestad: ein liten kommune med eit mangfaldig kulturliv	3
Forankring av kulturplanen i det kommunale, fylkeskommunale og nasjonale planverk	4
Visjon og hovudmål for kulturplanen	5
2. KULTUR I REGI AV KOMMUNEN	6
Hyllestad og Fjaler kulturskule	6
Hyllestad folkebibliotek.....	9
Den kulturelle skulesekken (DKS)	10
Den kulturelle spaserstokken (DKSS).....	11
Frivilligsentral (FVS)	12
Kulturarv og kulturminne	13
3. BARN OG UNGE	14
Fritidsklubb	16
Fritidsfond.....	17
4. KULTURTLBOD I REGI AV ANDRE AKTØRAR	18
Kyrkja.....	18
Kvernsteinsparken/Norsk Kvernsteinsenter	18
Frivillige lag og organisasjonar	20
HANDLINGSPLAN FOR KULTURBYGG.....	21
5. FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV	22
Utvikle gå- og aktivitetsvennlege nærmiljø.....	24
Fritidsarenaer, idrett og friluftsliv.....	25
Kvardagsarenaer: Barnehage, skule, SFO, arbeidsliv.....	28
BARNEHAGE, SKULE OG SFO	28
KOMMUNALE ARBEIDSPASSAR	31
Helse- og omsorgstenesta.....	31
Handlingsplan for anlegg	33
ORDINÆRE ANLEGG.....	33
NÆRMILJØANLEGG.....	34
6. VEDLEGG	35
Lag og organisasjonar i Hyllestad kommune.....	35

1. Kvifor ein kulturplan?

Rundt 40% av alle kommunar i Noreg har ein kulturplan¹ som er eit nyttig verktøy til å styre utviklinga av det kommunale kulturtilbodet og kulturlivet. Hyllestad kommune har fram til no hatt kommunedelplanar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Då den siste planen gjekk ut i 2019², baud det seg anledning til å lage ein ny plan som famnar breitt om kultur i tradisjonell forstand, frivillighetsarbeid, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen orienterer seg etter Sogn og Fjordane sin kulturplan for 2019 – 2027 og diverse kulturplanar frå andre kommunar. Fordelen med ein slik plan er å kunne sjå kultur, fysisk aktivitet, folkehelse og fritid i ein samanheng og sette opp mål og tiltak som vil fremje samhandling mellom ulike kommunale sektorar/etatar, frivilligheita og andre aktørar.

Planen skal vere eit strategisk reiskap for den vidare utviklinga av kulturlivet og folkehelsa i kommunen og i det langsiktige arbeidet med å auke kommunen sin attraktivitet både for innbyggjarar og potensielle tilflyttarar. Målet var å lage ein kortfatta og oversiktleg plan som er mål- og tiltaksorientert.

Kva meiner ein med «kultur»?

Kultur i tradisjonell forstand er musikk, visuell kunst, litteratur, scenekunst, kulturminne og kulturarv. Eit utvida kulturomgrep inkluderer også idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som kulturuttrykk. Kultur er mykje meir enn berre fritidssyslar og tidsfordriv men er sjølve fundamentet vårt samfunn er basert på:

*Kultur er livskvalitet og menneskeleg vekst. Kultur er danning og utdanning. Kultur er tilhøyrse og identitet. Kultur er å forstå oss sjølve og verda rundt oss. Kultur er moglegheita til å delta, til å bli inkludert, til å ytre seg, til å undre seg, ha det moro, til å stille spørsmål og til å utfalde seg estetisk og kreativt. Kultur er moglegheita til å kritisere, debattere og utvikle samfunnet i ein ny og betre retning. Med andre ord taler vi om grunnleggjande demokratiske verdier.*³

Kunst og kultur er sentralt for at eit demokratisk samfunn utviklar seg, at menneska som bur på ein plass kjenner tilhøyrse og opplever trivsel:

*Å satse på kultur er ei investering i demokrati og personleg vekst. Kultur fremjar òg folkehelse m.a. gjennom allsidig fysisk aktivitet og deltaking i idrett og friluftsliv.*⁴

Hyllestad: ein liten kommune med eit mangfaldig kulturliv

Hyllestad kommune sitt kulturliv er prega av kulturskulen, biblioteket og eit yrande foreiningsliv med mange tilbod og aktivitetar innan idrett, friluftsliv, musikk, kino, kulturarv og andre kulturuttrykk. Lokale kunstnarar og profesjonelle aktørar som Hyllestad kyrkje eller Norsk Kvernsteinsenter/Musea i Sogn og Fjordane er viktige kulturformidlarar som i mange år har spelt ei sentral rolle for kommunen sitt kulturelle liv.

I norsk kulturindeks 2020 rangerar Hyllestad på ein 146. plass (av totalt 356 kommunar)⁵. Kulturindeksen er eit årleg oversyn over faktiske kulturtilbod og –aktivitetar i norske kommunar, regionar og fylke som er utvikla av Telemarksforsking og basert på kvantitative data. Nabokommunane våre kom på ein 55. plass (Fjaler), 82. plass (Høyanger), 96. plass (Solund), 185. plass (Gulen) og 200. plass (Askvoll). Hyllestad scorer bra innan bibliotek og høgt innan kulturskule.

¹ [Telemarksforsking \(2019\): Organisering og kompetanse i kommunal kultursektor](#)

² [Hyllestad kommune: Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 - 2019](#)

³ [Meld.St. 18 \(2020-21\) «Oppleve, skape dele - Kunst og kultur for, med og av barn og unge»](#)

⁴ [Kultur for alle regional plan for kultur i 2019-2027](#)

⁵ [Norsk kulturindeks 2020. Resultater for Vestland fylke | Telemarksforsking](#)

I diverse kulturplanmøte med lokale lag og organisasjonar var det einigheit om at kulturtilbodet i Hyllestad i forhold til kommunen sin storleik var god og variert. Samtidig er det synkende folketalet ei utfordring for mange lag som slit med rekruttering av medlemmer (korpset har t.d. til skrivande stund 5 utøvarar). Dette går ut over styreverv og dugnadsinnsats – slik at tal aktivitetar og tilbod går tilbake. Ungdomsrådet saknar at det ikkje er andre møteplassar for ungdom enn idrett som t.d. ein ungdomsklubb som det tidlegare har vore i regi av frivillige på Åfjorddalen. Kulturplanen skal vere eit viktig verkty for å sikre godt samarbeid mellom kommunen og frivilligheita for å jobbe i mot denne trenden.



Koret «Fjordklang» i Hyllestad kyrkje. Foto: Privat

Forankring av kulturplanen i det kommunale, fylkeskommunale og nasjonale planverk

Kulturplanen er forankra i «Kommuneplanen sin samfunnsdel 2018 – 2030» der kultur, fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og folkehelse er omtalt i ulike kapittel. Der står det m.a. at «det overordna målet er at kulturfeltet skal bidra til å skape eit godt lokalsamfunn i kommunen».

Vidare støtter planen seg på Sogn og Fjordane sin regionale plan for kultur 2019 – 2027. Etter fylkesamanslåinga er Vestland i gang med å utarbeide ein ny kulturplan som i skrivande stund ikkje er ferdigstilt. Kulturplanen til gamle Sogn og Fjordane ber tittelen «Kultur for alle» og har som eit hovudmål at «kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn». Eit anna hovudmål er at fylket skal ha regionale kraftsenter/fyrtårn. Kvernsteinsparken blir nemnd som eit kulturelt kraftsenter som fylket ønskjer å utvikle. Kvernsteinslandskapet blir omtalt som kulturminne av nasjonal betydning på lik linje som Gulatinget og Selje kloster og er eit av 21 historiske kulturlandskap som Vestland fylke har føreslått for Riksantikvaren om å bli registrert som KULA-område («Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse»).

På nasjonalt plan er det desse Stortingsmeldingane som danner ramma for kulturarbeidet i fylke og kommunar:

- [Stortingsmelding 8 \(2018/2019\) «Kulturens kraft – kulturpolitikk for framtida»](#),
- [Stortingsmelding 18 \(2020 – 2021\) «Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge»](#),
- [Stortingsmelding 15 \(2017 – 2018\) «Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre»](#)
- [Stortingsmelding 10 \(2018 – 2019\) «Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig»](#)

Dei overordna kulturpolitiske mål er å sikre eit fritt og uavhengig kulturliv som:

- skaper kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet
- fremjar danning og kritisk refleksjon
- tek vare på og formidlar kulturarv
- skaper og formidlar eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer befolkninga
- er tilgjengeleg for alle og oppmuntrar den enkelte til å oppleve og delta i kulturaktivitetar
- tilbyr møteplassar og byggjer fellesskap

- fornyar seg og viser evne til omstilling
- har internasjonal gjennomslagskraft og fremjar interkulturell forståing
- styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar.

Visjon og hovudmål for kulturplanen

Hyllestad kommune sin kulturplan har som visjon: **Mangfaldig kulturliv med tilbod for alle!**

Visjonen støtter seg på kommunen sin visjon «inkluderande og attraktiv» og vil signalisere at kommunen ønskjer å inkludere alle og sikre dette gjennom eit mangfaldig tilbod.

Basert på visjonen er det formulert fire overordna mål:

1. **Eit kulturtilbod basert på tradisjon og innovasjon:** Kommunen jobbar aktivt for å sikre eit mangfaldig kulturtilbod som famnar både tradisjonelle og nye kulturformer.
2. **Inkludering:** Alle innbyggjarar i kommunen skal kunne delta, oppleve og skape kultur ut frå eigne premissar.
3. **Livskvalitet, god helse og trivsel:** Kulturtilbodet skal vere eit viktig verktøy for å auke livskvalitet, god helse og trivsel i kommunen.
4. **Samhandling på tvers:** For å oppnå eit godt kulturtilbod for innbyggjarane skal ulike kommunale sektorar (helse, oppvekst og kultur) samhandle seg i mellom og samarbeide tett med frivilligheita og andre aktørar.

I samband med kulturplanarbeidet har det vore gjennomført møte med skulen, barnehagen, kulturskolen, biblioteket, helsestasjonen, omsorgssenteret, alle grendalag, Hyllestad idrettslag og andre lag/aktørar som tilbyr fritidsaktivitetar innan fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og/eller kultur eller jobbar med kultur/kulturarv. Kommunen ønskjer å takke alle for det store engasjementet som vart vist under møta.



Opning av den nye Hyllestadhallen med Tone Damli i 2019. Foto: Gjermund Flage

2. Kultur i regi av kommunen

Hyllestad kommune har to viktige kommunale kulturarenaer: Hyllestad og Fjaler kulturskule og Hyllestad folkebibliotek. Kommunen forvaltar dei statlege tilskota innan ordningane «Den kulturelle skulesekken» (kulturtilbod for barn og unge) og «Den kulturelle spaserstokken» (kulturtilbod for seniorar). Kommunen skal dessutan etablere ny frivilligsentral i 2022 etter at den førre vart nedlagt for nokon år tilbake. Sentralen skal vere eit viktig verkty for å koordinere frivilligheita og stimulere til frivillige tiltak som bidrag til auka trivsel, inkludering og betre helse. Kommunen vil i 2022 også gjennomføre ein prøveperiode med fritidsklubb etter skuletida i kommunal regi og etablere klubben fast dersom det viser seg å vere eit vellukka prosjekt. For å sikre at alle barn/unge kan delta i organiserte fritidsaktivitetar opprettar Hyllestad kommune i 2022 ein fritidsfond som foreldre med låg inntekt på ubyråkratisk vis kan bruke for å betale kontingent/deltakarkostnad.

Hyllestad og Fjaler kulturskule

Hyllestad og Fjaler kulturskule står heilt sentralt når det gjeld kulturformidling til barn og unge i bygda. Kulturskulen er ein lovfesta del av det kommunale opplæringstilbodet, ein offentleg skule som gjev undervisingstilbod innanfor diverse kulturfag. I Hyllestad tilbyr kulturskulen musikk (mest instrumentalundervising og song), dans og kreativ verkstad (visuell kunst). Dans er eit forholdsvis nytt tilbod som har blitt svært populært. I 2019 vart den nye Hyllestadhallen opna med moderne lokale som kulturskulen kan nytte til undervising.

Kulturskulen stiller med dirigentar for skulekorpset og koret «Fjordklang» og tilbyr kvar veke ein populær musikkstund for bebuarar på det kommunale omsorgssenteret. Gjennom samarbeidet med barnehagen, grunnskulen, omsorgssenteret og andre offentlege og frivillige instansar bidrar kulturskulen som eit ressurscenter til eit rikt og variert kulturtilbod i kommunen.

Kulturskulen har ansvar for UKM og samarbeider med Fjaler og Askvoll for å gjennomføre UKM-arrangement og –workshops på tvers av kommunane. UKM betyr «ung kultur møtast» og er ei nyorganisering av «ungdomens kulturmønstring». I dag legg UKM fokus på å skape møteplassar for ungdom (vanlegvis frå 13 – 20 år) der dei kan vere kreative og prøve ut ulike kulturuttrykk. UKM har framleis eit system med 3 nivå (lokal, regional, nasjonal) der utøvarar kan delta og bli sendt vidare til neste nivå. Hyllestad og Fjaler kulturskule brukar sitt nettverk og sine ressursar for å skape ein arena for unge utanom kulturskulen si drift.

Hyllestad og Fjaler opplever samarbeidet om kulturskulen som svært nyttig og greier ut mogleg utvida samarbeid evt. samanslåing med Askvoll. På denne måten kunne ein ha fleire tilbod og styrke fagmiljøet.

Norsk kulturskuleråd har utarbeidd ein rammeplan som kulturskulane i Noreg kan orientere seg ved. Kulturskular skal vere lokalt tilpassa og kan utarbeide ein lokal rammeplan. Hyllestad og Fjaler kulturskule har utarbeidd ein slik plan for 2017 – 2020 med tittel «Kreativ, leikande, inkluderande». Kulturskulen ønskjer å utarbeide ein ny plan så snart ei eventuell samanslåing med Askvoll kulturskule er avklart.

Når det gjeld tal kulturskuleelevar ser resultatata for dei 3 siste skuleåra slik ut:

Skuleår	Elevplassar				Alle elevplassar i Hyllestad	Andel grunnskulebarn som deltar i kulturskulen
	Musikk	Kunst	Dans	Korps		
19/20	13	14	39	16	82	41%
20/21	20	10	40	10	80	48%
21/22	16	13	31	5	65	39%

Dei siste tre åra har 39-48% av grunnskulebarna i Hyllestad besøkt minst eitt tilbod i kulturskulen. Tilbakegang av elevplassane frå 2020 til 2021 skuldast på den eine sida at eit stort kull frå 10. klasse gjekk ut av skulen sommaren 2021 der mange hadde deltatt i dans. På den andre sida har det slutta ein del elevar i korpset. Kulturskulen ønskjer derfor å gjeninnføre «korps i skulen»-prosjektet for å rekruttere fleire til å spele i korps.

I heile Noreg har tal kulturskuleelevar frå 2009 - 2019 gått tilbake med 12,5%, i Vestland med 17%.⁶ Skuleåret 2018/19 gjekk litt over 13% av alle grunnskulebarna på kulturskulen.⁷ Hyllestad sine tal er meir enn 3 gonger høgare enn gjennomsnittet.

Det er eit viktig mål for alle kulturskular at ventelista for kulturskuletilbod er så kort som mogleg. I Hyllestad har ventelista generelt vore veldig kort, og dei aller fleste elevar får tildelt ønska plass utan å vente. I Vestland fylke var andel barn i grunnskulealder som stod på ventelista i 2019 på 3,5%.

I følgje ein rapport om kulturskulane som Telemarksforsking og NTNU publiserte i 2019⁸ så har mange kulturskuler i Noreg ein god del utfordringar. Eit funn er at kulturskulane sin hovudvisjon – nemleg å vere for alle – ikkje er omsett når berre 13% av alle grunnskulebarn nyttar seg av kulturskuletilbodet. Elevane kjem dessutan i stor grad frå ressurssterke heimar. Det er mange fleire jenter som deltek enn gutar. Mange kulturskular slit med dårleg synlegheit og marknadsføring og er prega av sin nære fortid som musikkskule (musikktilbodet dominerer). Vidare saknar mange kulturskular politisk styring og er ikkje nemnde i planar.

Dette er funn som til dels også er utfordringar for Hyllestad sin kulturskule. Spesielt synlegheit og inkludering av endå fleire er viktig å jobbe med kontinuerleg.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Kulturskulen har eit variert tilbod av høg kvalitet innan musikk, dans, visuell kunst og teater som resulterer i ulike typar framsyningar. Kvar elev skal kunne utvikle kompetansar og ferdigheiter etter eigne premisser, finne sitt eige uttrykk og vere aktivt medverkande i si eige utvikling.	<ul style="list-style-type: none"> • Kulturskulen lagar ny lokal rammeplan som skal vedtakast politisk og der ein legg opp til årleg rapportering til skuleeigar. • Kulturskulen jobbar for og vidarefører felles prosjekt mellom Fjaler og Hyllestad (t.d. ungdomsteater, ungdomskor) • Etablering av eit permanent teatertilbod i Hyllestad. • Elevar får høve til å opptre under kommunale og andre arrangement og til å stille ut sjølvlagde kunst i offentlege bygg. • Kulturskulen støtter elevar som ønskjer å satse på kunstfag (t.d. ved opptaksprøver, rettleiing, kontaktformidling osv.). • Kulturskulen har ansvar for UKM i kommunen og syter for god rekruttering, inkludering og gode tilbod.
2	Alle skulebarn og deira foreldre kjenner til kulturskulen sine tilbod. Alle som ønskjer å delta skal ha moglegheit til det.	<ul style="list-style-type: none"> • Kulturskulen informerer regelmessig og målretta både elevar og foreldre deira om sine tilbod, m.a. gjennom ny webløysing. • Kostnadene for kulturskulen skal vere så låge som mogleg. • Ventelista skal vere så kort som mogleg.

⁶ [Norsk kulturindeks 2020. Resultater for Vestland fylke | Telemarksforsking](#)

⁷ Telemarksforsking/NTNU (2019): [Kultur + skole = sant](#)

⁸ ditto

		<ul style="list-style-type: none"> • Foreldre med låg inntekt kan få betalt kostnadane via «Hyllestad fritidsfond».
3	<p>Kulturskulen held fram med å vere eit lokalt ressurscenter gjennom å samarbeide med ulike kommunale etatar, privat- og frivillig sektor og bidrar på denne måten til eit rikt og variert kulturtilbod for heile kommunen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kulturkontoret opprettar ein samarbeidsplattform med kulturskulen, skulen, barnehagen, bibliotek og andre kulturaktørar som møtast minst 1x i året. • Kulturskulen samarbeider kvart år med Hyllestad skule om eit felles prosjekt som resulterer i ei framsyning. • Kulturskulen gjennomfører kvart år «korps i skulen»-prosjekt for å bidra til rekruttering til skulekorpset. • Kulturskulen held fram med å selje tenester til skulekorpset, koret og andre etatar og aktørar.



Akrylmaleri av Stella Ivanus, laga i «kreativ verkstad» - eit tilbod frå kulturskulen.

Hyllestad folkebibliotek

Folkebiblioteket utgjør den andre viktige kulturarenaen i regi av kommunen. Alle kommunar er lovpålagde å ha eit bibliotek som skal drivast i tråd med biblioteklova. Samfunnsoppdraget til biblioteka er:

- **Aktiv formidling** gjennom utstillingar, bokprat over skranke og arrangement som t.d. forfatterbesøk
- **Møteplass for samtale og debatt:** Biblioteket skal vere eit lågterskeltilbod der innbyggjarane kan vere både uforpliktande publikum og aktive deltakarar.
- **Allsidig og aktuell litteratur av god kvalitet** til barn og vaksne
- **God informasjon** om biblioteket sitt innhald og sine tenester til alle innbyggjarar

Hyllestad folkebibliotek er sentralt plassert i kommunehuset. Det er ope fire dagar for veka (mandag til torsdag med langopen torsdag) og arrangerer årleg 4 – 6 føredrag, debattar og forfatterbesøk. Biblioteket ser det som viktig å få lesarane fram til det som *for dei* er den beste leseopplevinga, så rådgjeving og samtalen med brukarane blir det lagt mykje vekt på. Innkjøp vert gjort på grunnlag av ynskje og behov. Nynorske bøker og lokal litteratur er eit prioritert område.


Med dagens tilgang til internett, samt lånekort og pinkode har innbyggjarane tilgang til digitale bibliotektenester 24/7. Det inneber t.d. e-bøker, e-lydbøker og kortfilm. Nokre tenester er også tilgjengelege utan lånekort, t.d. via www.bokhylla.no. Det er ønskjeleg at fleire tar desse tenestene i bruk. I følgje Norsk kulturindeks er Hyllestad folkebibliotek i 2019 blant dei biblioteka i Vestland med høgast bokbestand, tilvekst og utlån per innbyggjar.⁹

Nr.	Målsetting	Tiltak
4	Biblioteket skal vere ein møteplass for alle med innbydande og funksjonelle lokale og gode opningstider.	<ul style="list-style-type: none"> • Greie ut tiltak for eit meir innbydande og funksjonelt biblioteklokale • Greie ut kva som må til for å innføre «Meiroppe» bibliotek¹⁰ og sjølvbetent utlån. • Gjennomføre brukarundersøking kvart 4. år
5	Biblioteket skal vere ein stad for aktiv formidling og livslang læring.	<ul style="list-style-type: none"> • Halde fram med ulike typar arrangement (t.d. foredrag/forfatterbesøk) i samarbeid med andre kommunale tenester, frivillig sektor og andre aktørar. • Lesekampanjar • Samlingsutvikling etter CREW-metoden¹¹
6	Biblioteket skal tilby gode digitale tenester.	<ul style="list-style-type: none"> • Publikumskurs i bruk av digitale bibliotekressursar. Samarbeid med DigiDeg/Seniornett. • Syte for god digital kompetanse blant personalet.

⁹ [Norsk kulturindeks 2020. Resultater for Vestland fylke | Telemarksforskning](#)

¹⁰ Meiroppe bibliotek er eit konsept som mange bibliotek har innført og der lånetakarar får tilgang til biblioteket også utanom betent opningstid.

¹¹ CREW-metoden rettleiar i samlingsutvikling for bibliotek. Sjå t.d. [Håndbok i samlingsutvikling for bibliotek av Buskerud fylkeskommune \(2018\)](#)



Hyllestad-diktaren Kjartan Hatløy vart tildelt Doblougprisen i 2021. Her les han dikt under markeringa i Prestegarden. Foto: Franziska Rüttimann Storemyr

Den kulturelle skulesekken (DKS)

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal ordning som skal syte for at alle skuleelevar i Noreg får oppleve profesjonell kunst og kultur av høg kvalitet – uavhengig av kor dei bur. DKS-ordninga er todelt: På den eine sida organiserer fylkeskommunane kvart år eit program med kunstnarar og artistar som turnerer rundt til skulane, på den andre sida får kommunane tildelt midlar som dei kan bruke etter eige ønske. På denne måten skal det sikrast at det blir tatt omsyn til lokale behov og føresetnader.

I Hyllestad har dei lokale DKS-midlane fram til 2017 blitt brukt for å realisere Kvernsteinsteateret «Den heilage Ingebjørg», skrive av Hyllestadforfattaren Norvald Tveit. Teateret vart arrangert kvart tredje år i Kvernsteinsparken under leiing av ein teatererfaren lærar. Dette var ei stor oppleving og viktig erfaring for alle ungdomsskuleelevane som deltok og opptredde i framsyninga. I dag manglar det teaterkompetanse ved Hyllestad skule, og det er ikkje lenger mogleg å arrangere teateret som før.

DKS-midlane skal derfor brukast til å utfylle det fylkeskommunale DKS-programmet og besøkje program og opplegg av høg kvalitet i regionen eller hente inn spennande kunstnarar/artistar. Barnehagen er ikkje ein del av DKS-ordninga men kan inviterast inn når det er tilbod for barnetrinnet.

Nr.	Målsetting	Tiltak
7	Alle elevar på Hyllestad skule skal oppleve kulturprogram av høg kvalitet og med god pedagogisk tilrettelegging.	<ul style="list-style-type: none"> Hyllestad skule deltar i det fylkeskommunale DKS-programmet. Kulturkontoret og Hyllestad skule samarbeider om bruk av dei kommunale DKS-midlane.

		<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen blir invitert inn ein gong i året til å besøkje eit DKS-program.
8	<p>Dei lokale DKS-midlane blir fortrinnsvis brukt til å besøkje regionale tilbod.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Inngå eit samarbeid med Teaterfestivalen i Dale om at flest mogleg elevar kan besøkje ei førestilling. • På mellomtrinnet skal kvar klasse besøkje Kunstmuseet i Førde.



Teateret «Den Heilage Ingebjørg» av Norvald Tveit i Kvernsteinsparken med ungdomskuleelevar i alle roller. Foto: Aslak Åm Sognnes

Den kulturelle spaserstokken (DKSS)

Den kulturelle spaserstokken er ei nasjonal kultursatsing der kommunane kan søkje fylkeskommunane om tilskot til kunst- og kulturformidling av høg kvalitet tilpassa eldre. Spaserstokken skal leggje til rette for auka samarbeid mellom kultur- og omsorgssektoren og frivillige lag og organisasjonar. I Hyllestad har spaserstokkmidlane i dei siste åra blitt nytta til arrangement i regi av folkebiblioteket (føredrag, bokpresentasjonar) og konsertar/førestillingar på omsorgssenteret. Frivillige lag og organisasjonar som jobbar med/for eldre kan søkje om støtte til sine kulturarrangement.

For å kjenne behova til den eldre befolkninga og skape eit optimalt program er det viktig med eit godt samarbeid mellom frivillig sektor og kommunen (kulturkontor, bibliotek, omsorg, frivilligsentral). Spaserstokk-arrangement skal også vere sosiale møteplassar for eldre som elles er mykje aleine. På denne måten bidrar slike arrangement til å leve «det gode livet» med meningsfulle aktivitetar og er ei viktig brikke i «Leve heile livet»-reforma.

Nr.	Målsetting	Tiltak
9	Den kulturelle spaserstokken blir brukt til å skape gode møteplasser for den eldre befolkninga i kommunen der dei opplever ulike typar kunst og kultur av høg kvalitet.	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid mellom kommunen (kulturkontor/frivilligsentral, bibliotek, omsorg) og Eldrerådet, lag og organisasjonar med fokus på seniorar om DKSS-programmet (minst 1 møte per år) • Ved kvart arrangement blir det tilbod om transport med frivillige for å sikre at alle som ønskjer å komme kan delta. • Kvart år skal det vere eit arrangement for å markere eldredagen 1.10.

Frivilligsentral (FVS)

I 2021 tilsette Hyllestad kommune frivilligkoordinator i 50% stilling med mål om å styrke frivilligsektoren og stimulere til frivillig arbeid. I 2022 skal det etablerast ny frivilligsentral.¹² Norges Frivilligsentralers (NFS)¹³ visjon er: «Saman skapar vi gode og inkluderande lokalsamfunn – møte mellom menneske». Definisjonen for ein FVS er:

Frivilligsentraler er mangfoldige møteplasser bygget på frivillighetens premisser og lokale ønsker, ivaretatt av ansatte i samhandling med frivillige, lag og foreninger, næring og kommune.¹⁴

Frivilligsentralen i Hyllestad skal vere eit verkty for å oppnå viktige mål i samfunnsdelen i kommuneplanen som t.d. reduksjon av einsemd, bidra til auka trivsel, bulyst og bustadattraktivitet, bidra til sunne, trygge og gode oppvekstvilkår, hindre aukande sosioøkonomiske skilnader og fattigdom og hermed bidra til å oppnå folkehelsemåla. Frivilligsentralen skal hjelpe med å realisere kommunen sin visjon om å vere «inkluderande og attraktiv».

Norges Frivilligsentraler har 8 anbefalingar som skal sikre god drift for Frivilligsentralen:

1. dagleg leiar i fast stilling
2. egne vedtekter
3. eige styre der frivilligheita er i fleirtal
4. samarbeidsavtale med kommunen
5. minst 40% lokal finansiering i tillegg til statstilskotet
6. kalle seg «frivilligsentral» og benytte Norges Frivilligsentralers grafiske profil
7. disponere eigna lokale
8. vere eit supplement til og ikkje ei erstatning for kommunale tenester

¹² Det har vore Frivilligsentral i Hyllestad kommune frå 2008 – 2013.

¹³ Norges Frivilligsentraler er ein landsdekkande interesseorganisasjon for alle frivilligsentraler.

¹⁴ [Norges Frivilligsentraler - Om frivilligsentraler](#)

Nr.	Målsetting	Tiltak
10	Opprette Frivilligsentral med opning innan 1.6.2022	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide driftsmodell innan 28.2.2022 som blir vedteke av kommunestyret. • Utarbeide vedtekter og opprette styre innan 30.4.22 • Opprette webside resp. finne webløysing innan 1.6.22
11	Frivilligsentralen driv utstyrssentralen i eigna lokale og bygger sentralen ut til BUA ¹⁵ . Det skal opprettast «lånekasser» i Hyllestad sentrum, Leirvik og Sørbovåg med utstyr til friluftaktivitetar.	<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegging av behov og ønske for utleigestyre. • Skaffe finansiering gjennom søknadsordningar og kjøpe inn utstyr. • Utgreie og introdusere eigna utleigesystem. • Grendalaga opprettar og driv «lånekasser» ved alle 3 sentrum med aktiviserande utstyr (ballar, badminton osv.).
12	Frivilligsentralen koordinerer og stimulerer det frivillige arbeidet i kommunen.	<ul style="list-style-type: none"> • FVS er bindeledd mellom kommunale etatar og frivillig sektor og sikrar kommunikasjon og samarbeid mellom dei. • FVS støtter frivillig sektor med informasjon og rådgjeving og inviterer alle lag til møte etter ein fastlagd turnus. • FVS initierer prosjekt, arrangement osv. i samarbeid med frivillig sektor, næringsliv og andre aktørar.

Kulturarv og kulturminne

I Hyllestad kommune er det eit mangfald av kulturmiljø og kulturminne – både materielle og immaterielle. Dei er viktige for lokalsamfunnet sin identitet og tilhøyrse til staden, og mange av dei har opplevingsverdi som kan nyttast i ulike samanheng (formidling, reiseliv).

Kulturplanen til gamle Sogn og Fjordane formulerer m.a. desse måla for kulturminna i fylket:

- Sikre berekraftig og utviklingsretta forvaltning og formidling med vekt på kulturminna sin eigenverdi.
- Utvikle verdsarvområda, stavkyrkjene, Gulatingsstaden, Kvernsteinsparken og Selje kloster som kulturelle kraftsenter.
- Bidra til oppbygging av kulturminnekompetanse i kommunane.
- Nytte kulturarven aktivt i næringsamanheng.

Det mest betydingsfulle kulturminne i Hyllestad er kvernsteinsbrotlandskapet som daterer tilbake til 700-talet – det største, bevarte steinbrotlandskapet frå vikingtida og mellomalderen i heile Skandinavia. I 2011 vart kvernsteinsbrota nominert som UNESCO-verdsarv saman med andre historiske stader frå vikingtida i Noreg og andre land. Steinbrotlandskapet er også føreslått av Vestland fylkeskommune til «Kulturlandskap av nasjonal betyding» (KULA). Norsk Kvernsteinsenter v/Musea i Sogn

¹⁵ [Hjem | BUA](#) / BUA er ein nasjonal fellesorganisasjon for rundt 170 utstyrssentraler i heile Noreg som skal gjere det enklare for barn og unge å prøve fleire og meir varierte aktivitetar, utan å auke forbruket.

og Fjordane har ansvaret for å forvalte, forske på, formidle og vidareutvikle dette viktige kulturminnet.

Vidare er det viktig å nemne den mellomalderske kyrkjegarden på Hyllestad, den Trondhjemske postvegen som går gjennom kommunen og diverse krigsminne frå andre verdskrigen. For alle desse har kommunen eit særskilt ansvar for å sikre bevaring og formidling.

I 2021 har kommunestyret vedtatt den nye kulturminneplanen for Hyllestad kommune (2021 – 2024) med ein handlingsplan der mange kulturminne er beskrive og lista opp i ei prioritert liste.

Nr.	Målsetting	Tiltak
13	Auke kunnskap og medvit om kulturminneverdiane i Hyllestad kommune. Kulturminne med høg kulturhistorisk verdi skal forvaltast og formidlast etter «best practice» og i tråd med handlingsplanen i kulturminneplanen.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen brukar kulturminneplanen som sitt hovudverktøy i arbeidet med kulturminne og kulturarven. • Kommunen samarbeider med Vestland fylkeskommune og andre faglege instansar for å sikre eit godt kulturminnearbeid i kommunen. • Kommunen lagar kulturmiljøplan for utvalde og bevaringsverdige kulturmiljø i kommunen. • Kommunen samarbeider med og støtter lokale lag, grunneigarar og andre aktørar som er opptatt av kulturminnebevaring og –formidling. • Kommunen inngår avtale med det Regionale Pilegrimsenteret i Selje om Kystpilegrimsleia.

3. Barn og unge

Barn og unge skal ha gode oppvekstvilkår med eit variert og mangfaldig tilbod om kulturopplevingar, fritidsaktivitetar og uformelle møteplassar. Alle skal kunne delta uavhengig av bakgrunn eller føresetnader.

I Hyllestad er det, i forhold til kommunen sin storleik, ein god del tilbod for barn og unge, dei fleste innan idrett og kulturskulen. I februar 2021 vart «Ungdata»-undersøkinga¹⁶ gjennomført i heile Noreg, frå Hyllestad deltok det 38 ungdomar¹⁷. På spørsmål om fritidsbruk og fritidstilbod svarte elevane frå Hyllestad slik:

	Hyllestad	Gjennomsnitt for Noreg
Er nøgd med lokalmiljøet	61%	68%
Synest tilbodet av lokale der ein kan treffe andre unge på fritida er bra	37%	51%
Synest kulturtilbodet er bra	32%	58%

¹⁶ Ungdata er ei nasjonal undersøking ca. kvart tredje år der ungdomsskule- og vidaregåandeelevar svarer anonymt på korleis dei har det og kva dei gjer i fritida. [Hjemmeside - Ungdata](#)

¹⁷ [Ungdata resultat for Hyllestad kommune](#)

Synest kollektivtilbodet er bra	27%	61%
Er med på organiserte fritidsaktivitetar	74%	64%
Har delteke i eit idrettslag den siste månaden.	78%	62%
Er nøgd med helsa si	66%	70%
Oppløver mykje press på minst to område	26%	23%

Undersøkinga viser at mange ungdomar er aktive innan organisert fritid/idrett men at det likevel er ca. 10 av dei 38 ungdomane frå Hyllestad som ikkje deltek. Eit tydeleg fleirtal av ungdomane saknar eit uformelt møtelokale, er misnøgdde med kulturtilbodet og kollektivtrafikken. Desse funn blir bekrefta av Ungdomsrådet som også gir uttrykk for at det manglar uformelle møteplassar, og at det er slitsamt å heile tida måtte be foreldra om å køyre.

I ei spørjeundersøking blant Ungdomsråda i heile landet¹⁸ vart det spurd om kva tiltak dei meiner er spesielt viktige for å styrke barne- og ungdomskulturen etter at pandemien kom. Ungdomsråda meiner at ein bør prioritere desse tiltaka:

1. *Ivareta gamle og etablere nye fritidsklubbar og uformelle møteplassar.*
2. *Styrke rabattordningar for billegare inngang for barn og unge på ulike kulturtilbod.*
3. *Ivareta og styrke Ung Kultur Møtes (UKM) og andre nasjonale og regionale møteplassar for kulturinteressert ungdom.*
4. *Utvide og senke prisane på kollektivtilbodet.*
5. *Gjere tilgjengeleg fleire fysiske møteplassar for gaming og LAN-arrangement.*

Hyllestad kommune ser det som særst viktig å satse på barn og ungdom og startar opp med følgjande nye tiltak:

- Fritidsklubb for barn frå 5. – 10. klasse ein gong i veka med ein profesjonell fritidsklubbleiar.
- Fritidsfondordning der familiar med låg inntekt, på ubyråkratisk vis kan få støtte til organiserte fritidsaktivitetar.
- Ungdomsrådet får i 2022 tildelt 20 000,- som ekstraløyving som kan brukast for ungdomsaktivitetar.
- Alle elevar i 10. klasse får eit gratisabonnement for treningsrommet i eitt år.

Nr.	Målsetting	Tiltak
14	Barn og unge skal ha eit godt og variert fritidstilbod.	<ul style="list-style-type: none"> • Kulturskolen har eit variert tilbod innan ulike genre og inkluderer flest mogleg i UKM. • Hyllestad skule deltar i den fylkeskommunale DKS. • Kommunen brukar dei lokale DKS-midlane til kulturopplevingar av høg kvalitet. • Kommunen samarbeider med Ungdomsrådet og andre barne- og ungdomsorganisasjonar om eit optimalt fritidstilbod.

¹⁸ Kulturtanken: Hvordan nå og engasjere flere barn og unge etter korona? Et sammendrag av innspill fra kommunale ungdomsråd (2021). (Ikkje publisert på nett).

		<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen fangar opp trendar og støtter opp rundt nye aktivitetar og tilbod som t.d. e-sport.
15	Alle barn og unge skal kunne delta i organiserte fritidsaktivitetar uavhengig av familien sin inntekt.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen innfører «fritidsfond»-ordninga (sjå under).
16	Ungdom skal ha tilgang til uformelle møteplassar som dei kan styre sjølv eller er i stor grad med å styre sjølv.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen etablerar ein fritidsklubb (sjå under). • Ungdomsrådet får tildelt egne midlar til å skape fritidsaktivitetar eller møteplassar for unge. • Kommunen støtter initiativ til barn/unge.



Den nye biljardsalen i Hyllestadhallen har blitt ein populær møteplass for mange ungdomar.
Foto: Gjermund Flage

Fritidsklubb

Mange kommunar har lange og gode erfaringar med fritidsklubbar som er drive profesjonelt som eit gratistilbod for alle i ei viss aldersgruppe. «Ungdom og fritid» er landsforeininga for fritidsklubbar og ungdomshus og definerer fritidsklubbar slik:

Fritidsklubbene har en helhetlig tilnærming til barn og unges oppvekst og inngår som en del av oppvekstmiljøets førstelinje. Klubbene bidrar til å sikre barn og unges tilgang på lokale sosiale møteplasser og gode oppvekstvilkår.[...] Fritidsklubbene er og har vært sentrale kulturaktører for barn og unge i lokalsamfunnet. De er også en viktig brikke i det offentliges arbeid med å realisere Kulturlovens intensjon. [...] Klubbene er derfor en sentral aktør i realiseringen av kommunens oppgaver knyttet til folkehelseloven.¹⁹

Målet med fritidsklubben er å tilby ein uformell møteplass etter skuletid ein gong i veka der klubbleiaren og brukarane samarbeider om å skape og gjennomføre meningsfulle aktivitetar. Prøveordninga

¹⁹ Ungdomogfritid.no kvalitetskriterier for fritidsklubbar

startar etter vinterferien 2022 og varer fram til sommarferien med ei evaluering mot slutten av april. Dersom det viser seg at ordninga er vellukka skal det innførast ei permanent ordning.

Nr.	Målsetting	Tiltak
17	Opprette fritidsklubb for elevar frå 5. – 10. klasse ein gong i veka som ei prøveordning frå mars til og med juni 2022.	<ul style="list-style-type: none"> • Tilsetting av ein fritidsklubbleiar i 20% i prøveperioden. • Bruke det sosiale rommet på skulen som base for fritidsklubben og innreie rommet i lag med brukarane. • Det skal serverast eit varmt måltid som brukarane kan vere med å lage på skulekjøket. • Ved behov skal det rekrutterast frivillige ressurspersonar som kan tilby aktivitetar som brukarane ønskjer.
18	Medverknad av brukarane er eit av hovudprinsippa til klubben.	<ul style="list-style-type: none"> • Brukarane er med å utarbeide klubben sine reglar og verdjar. • Brukarane sine behov og interesser skal i størst mogleg grad ivaretakast og leggjast til grunn for aktivitetane. • Brukarane er med å bestemme korleis klubben sine driftsmidlar blir brukt.
19	Klubbleiaren er integrert i det kommunale førebyggjande arbeid.	<ul style="list-style-type: none"> • Klubbleiaren deltar i relevante møte og samarbeider med oppvekst/helsesektoren.

Fritidsfond

I snitt lever eit av 10 barn i ein familie med låg inntekt – også i Hyllestad kommune.²⁰ Spesielt utsatt for fattigdom er barn med innvandrarbakgrunn, barn med ein einsleg forsørgjar og barn med forsørgjarar som ikkje har yrkestilknytning eller der forsørgjarar har lav utdanning. Konsekvensane av barnefattigdom er mange, som t.d. utanforskap, einsemd og dårlegare psykisk helse. I 2016 signerte frivillige organisasjonar, KS og regjeringa «Fritidserklæringa» som har som mål at alle barn og unge, uavhengig av foreldreøkonomien, skal kunne delta jamleg i fritidsaktivitetar saman med barn og unge på same alder. Solbergregjeringa innførte som prøveprosjekt i nokon kommunar eit «fritidskort» som blir delt ut til alle barn og unge. Kortet er eit gåvekort (t.d. med ein verdi av 1000,-) som ein kan betale fritidsaktivitetar med. Ein annan modell blir brukt av t.d. kommunane Vadsø og Luster der ein har oppretta eit fond som familiar med dårleg økonomi kan bruke for å betale kontingent el.l. til barna sine. Hyllestad kommune innfører ein slik modell frå 1.1.2022 av og har sett av midlar til det. Ordninga er tillitsbasert og det skal vere så anonymt og lite stigmatiserande som mogleg å kunne søkje. Fondet skal betale medlemskontingent, utgifter til lisensar, cupreiser el.l. og kulturskulekostnader. Per barn er det mogleg å søkje om maks. 3000,- per år. Personar som mottar støtte via NAV er ikkje rettkomen til å få fondstøtte fordi NAV har ei tilsvarande ordning for støttemottakarar.

²⁰ I 2019 levde 8,5% av barna i Hyllestad i hushald med låg inntekt og låg finansformue. For heile Noreg reknar ein med at 11,7% av barna lever i fattigdom. www.barnefattigdom.no

Nr.	Målsetting	Tiltak
20	Hyllestad kommune har ei «fritidsfond»-ordning for å støtte familiar med svak økonomi. Ordninga er tillitsbasert og foreldra kan søkje om maks. 3000,- per barn og år for å betale organiserte fritidsaktivitetar (medlemskontingent, kulturskulekostnader osv.). Søkknadsordninga skal ikkje vere stigmatiserande.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen utarbeidar eit reglement for fondet. • Det opprettast ei webløysing for å kunne søkje om fondstøtte. • Alle foreldre, kulturskulen og frivillige lag som tilbyr organiserte kostnadspliktige fritidsaktivitetar får god informasjon om fondet.

4. Kulturtilbod i regi av andre aktørar

I tillegg til dei kommunale kulturarenaene som kulturskulen og folkebiblioteket er det fleire tilbod og aktivitetar i regi av profesjonelle aktørar og frivillige lag og organisasjonar som er viktig for kulturlivet i kommunen.

Kyrkja

Kyrkja er ein viktig kultur- og tradisjonsberar i kommunen. Kyrkjene i Hyllestad er arena og møteplass for ulike typar religiøse, kulturelle og sosiale hendingar. Det blir lagt ned ein betydeleg frivillig innsats innan arbeid med ulike aldersgrupper, spesielt ungdomsklubben og det årlege «Base Camp» må her framhevast. Kyrkja samarbeider med andre organisasjonar og lag om konsertar, føredrag og andre tilstellingar med ei open, engasjert og nytenkjande haldning.

Nr.	Målsetting	Tiltak
21	Kyrkja i Hyllestad er ein viktig arena og bidragsytar til kulturlivet i kommunen.	<ul style="list-style-type: none"> • Godt samarbeid mellom kommunen og alle delar av kyrkja sine profesjonelle og frivillige aktørar og aktivitetar.

Kvernsteinsparken/Norsk Kvernsteinsenter

Norsk Kvernsteinsenter vart oppretta som stifting i 2009 for å forvalte, forske på og formidle det store kvernsteinslandskapet i Hyllestad som er eit kulturminne av nasjonal og internasjonal betydning. Kvernsteinsparken er formidlingsstad til Kvernsteinsenteret, eit utandørsmuseum der publikum kan oppleve steinbrot og lære om dette unike kulturminnet. Samtidig fungerer «parken» som møteplass og arena for lokalbefolkninga. Her går det føre seg ulike tilstellingar (Kvernsteinsmarknad, konsertar, gudstenester osv.), skulen, barnehagen og SFO er hyppige brukarar og innbyggjarane brukar området til rekreasjon og friluftsliv.

Sidan 2013 blir Norsk Kvernsteinsenter og Kvernsteinsparken drifta av Musea i Sogn og Fjordane og kommunen bidreg til drifta med ein årleg fast sum. Heilt sidan Senteret vart oppretta har det markert seg som viktig kulturaktør og samarbeidspartnar for lokale lag og organisasjonar. Spesielt å framheve er utvikling av «Hyllestadmodellen» - eit samarbeidsprosjekt mellom Kvernsteinsenteret og Hyllestad skule der ein klasse får fast undervising i Kvernsteinsparken ein dag i veka gjennom eitt år. Elevane

blir lært opp i kvernsteinshistoria, lokalhistoria generelt og ulike tradisjonshandverk, samtidig som dei lærar å formidle det lærte vidare til publikum.

For ein liten kommune som Hyllestad er det svært viktig at det einaste museum i kommunen er ein ressurs og motor innan kulturarv og kultur generelt og bidrar aktivt til kulturlivet i kommunen.

Nr.	Målsetting	Tiltak
22	Norsk Kvernsteinsenter skal forvalte, forske på og formidle det historiske steinbrottslandskapet i Hyllestad på ein innovativ og nyskapande måte og fungere som ressurs og samarbeidspartner for lokale lag og organisasjonar.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen støtter Norsk Kvernsteinsenter sitt arbeid og bidreg med eit fast årleg beløp.
23	Kvernsteinsparken skal vere ein kulturarena og sosial møteplass av regional betydning med eit mangfald av ulike tilstellingar og arrangement.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen samarbeider med Norsk Kvernsteinsenter, lokale lag og andre aktørar om god drift av Kvernsteinsparken.



Ein skuleklasse på besøk i Kvernsteinsparken. Foto: Lars Opstad.

Frivillige lag og organisasjonar

Frivillig arbeid og innsats er ein berebjelke i det norske samfunnet som sikrar utvikling, prestasjonar, trivsel – spesielt innan kultur og idrett – som heile befolkninga dreg nytte av. I følgje frivillighetsbarometeret har 63% av befolkninga mellom 16 og 79 år utført frivillig arbeid i 2019 og 78% er medlem av minst ein frivillig organisasjon.²¹ Mest dugnad blir utført innan idrett og sport, innan lag som engasjerer seg for nærmiljøet (grendelag osv.), innan hobby/fritid/utandørsaktivitetar/sosiale lag og innan kunst/kultur/kor/korps.²²

Stortingsmelding 10 om frivilligheita (2018-2019)²³ formulerer det som eit viktig mål å auke deltaking i frivillige organisasjonar og frivillig arbeid:

Fordi høg frivillig deltaking er avgjerande for den tilliten vi har i samfunnet vårt. Fordi deltaking i frivillig aktivitet hindrar utanforskap og fremjar inkludering. Fordi organisasjonane er dei beste skulane i demokrati. Fordi frivillige organisasjonar avdekkjer behov og finn nye løysingar. Fordi frivillig innsats er ein heilt avgjerande del av den norske beredskapsmodellen. Fordi frivillig innsats bidreg til å sikre den felles kulturarven vår. Fordi frivillig innsats er viktig for å sikre folkehelsa.

Mesteparten av frivillig arbeid går føre seg på lokalt nivå. I Hyllestad kommune finst det om lag 40 registrerte frivillige lag og organisasjonar som spenner over alle aldersgrupper og alle område i kommunen. Mange av foreiningane ytar stor innsats innan kultur og idrett og er flinke til å inkludere ulike aldersgrupper. Fleire driv eige forsamlingshus (grendahus, ungdomshus, bedehus, fleirbrukshus) som er arenaer for møte og samlingar, basarar, kino, teaterframsyningar, konsertar osv.

Som nemnt før slit foreiningslivet i Hyllestad med synkende folketal – som mange andre plassar i distrikta. Rekrutteringsgrunnlaget og medlemstala skrumpar kontinuerleg, mens kostnadene for vedlikehald av husa blir dei same eller aukar. Kommunen ønskjer å støtte opp rundt dei forsamlingshusa som kan vise til mykje bruk og mange aktivitetar.

Nr.	Målsetting	Tiltak
24	Frivillig arbeid skal ha gode vilkår i kommunen.	<ul style="list-style-type: none"> Hyllestad frivilligsentral skal fungere som eit ressurscenter og knutepunkt mellom ulike frivillige lag, og mellom laga og kommunen. Frivilligsentralen bidrar til rekruttering gjennom fellesarrangement (t.d. tilflyttarkveld, open-hall-arrangement osv.) Kommunen har på sine websider god informasjon om frivillige lag i kommunen og tilbyr god oversikt over alt som skjer (aktualisert kalender «det skjer»).
25	Frivillige lag og organisasjonar agerer inkluderande overfor alle innbyggjarar, uavhengig av deira føresetnader og bakgrunn.	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen støtter tiltak til frivillige lag for å inkludere alle. Frivilligsentralen stimulerer til tiltak for å skape inkluderande møteplassar, arrangement osv., t.d. Kvernsteinsmarknaden.

²¹ [Frivillighetnorge.no/fakta](https://frivillighetnorge.no/fakta)

²² [Frivillig innsats i Noreg 1998 - 2014](#)

²³ [Meld. St. 10 \(2018–2019\) - Frivilligheita](#)

26	Aktive forsamlingshus i regi av frivillige lag og organisasjonar.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen støtter opp rundt forsamlingshus med høgt aktivitetsnivå.
----	---	--



På Åfjorddalen Bygdehus er det tradisjon med teaterframsettingar av Åfjorddalen Ungdomslag.
Foto: Privat

Handlingsplan for kulturbygg

Kulturbyggordninga er finansiert gjennom spelemidlar og skal bidra til eigna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Ordninga blir forvalta av fylkeskommunen. I Hyllestad kommune er det søknadsfrist 31.1. kvart år.

Frivillige lag og organisasjonar og kommunen kan søkje om tilskot til kulturhus, fleirbrukslokale, spesi-
allokale for kunst og kultur (t.d. bibliotek, museumsbygg eller bygg for andre kulturverntiltak), scene-
kunstlokale, konsertsal, formidlingslokale for biletkunst eller etablering av livssynsnøytrale seremo-
nirom). Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygningar men ikkje til
vedlikehald eller drift.²⁴

I førre plan for perioden 2016 – 2019 var 4 tiltak oppført som prioritert:

Tiltak	Søklar/eigar	Status
Folkebibliotek – tilknytt fleirbrukshall	Hyllestad kommune	Ikkje realisert pga. manglande økonomi
Fjorden kulturhus i Sørbøvåg (nybygg)	Øen Grendalag	Ikkje realisert og ikkje lengre aktuelt.
Nytt kjøken Lifjorden Grendahus	Lifjorden Grendalag	Realisert utan spelemidlar.
Nytt sanitæranlegg Skifjord Grendahus	Skifjord Grendalag	Ikkje realisert, framleis aktuelt.

²⁴ [Tilskot til kulturbygg i Vestland - Vestland fylkeskommune](#)

For perioden 2022 – 2025 prioriterer kommunen desse prosjekta:

Nr.	Kulturbygg namn	Søkjjar	Anleggstad	Status	1.søknadsår	Kostnad	Spelmidlar
1	Kultursal i Hyllestadhallen	Hyllestad kommune	Hyllestad sentrum	Ferdig	2019	3 057 000	804 000
2	Vonheim/Øen Grendahus – modernisering kjøken	Øen Grendalag	Sørbøvåg	Under planlegging	2022	300 000	100 000
3	Skifjord Grendehus – modernisering kjøken, sanitær osv.	Skifjord Grendelag	Skifjorden	Under planlegging	2023	300 000	100 000
					Sum	3 657 000	1 004 000

* det er ikkje krav om at kulturbygg er prioritert i kommunal plan

* kostnader og spelmidletilskot er estimert for anlegg som under planlegging

* kostnader er inkludert mva.

5. Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

God helse gjennom heile livet er eit viktig gode. Ein sentral faktor for vedvarande god helse er regelmessig mosjon og aktivitet. Fysisk aktivitet har mange positive og førebyggjande effektar for kropp og sjel: Kondisjonen blir betre, blodtrykket søkk, fordøyinga og søvnen blir betre, konsentrasjonen og læringsevna er høgare, og den psykiske helsa betre. Driv ein fysisk aktivitet eller idrett i lag med andre, så motverkar dette i tillegg einsemd, bidreg til struktur i kvardagen og meir trivsel. Folkehelseinstituttet sine anbefalingar for fysisk aktivitet er:²⁵

Barn og unge	Vaksne og eldre
Redusere stillesitting	Redusere stillesitting
I gjennomsnitt 60 minutt moderat til hard fysisk aktivitet kvar dag. Det meste av denne fysiske aktiviteten bør vere kondisjonsretta.	Minimum 150 minutt med moderat intensitet eller minimum 75 minutt med høg intensitet per veke, eller ein kombinasjon av moderat og høg intensitet som gir tilsvarande volum.
3x i veka med høg intensitet, inkludert aktiviteter som gir auka muskelstyrke og styrkar skjelettet.	Øvingar som gir auka muskelstyrke til store muskelgrupper bør utførast to eller fleire gongar i veka.

Fleirtalet av dei vaksne – 7 av 10 – oppfyller ikkje desse anbefalingane. Mens nesten alle barn i 6-årsalderen oppfyller minimumskrava, så synkar aktivitetsnivået gjennom livet betrakteleg. Allereie blant 15-åringane er halvparten ikkje nok fysisk aktiv. Konsekvensane av fysisk inaktivitet oppsummerer Folkehelseinstituttet slik:

Fysisk inaktivitet er relatert til sykdom og for tidlig død for de fleste ikke-smittsomme sykdommene som hjerteinfarkt, hjerneslag, diabetes type 2, og flere former for kreft. Fysisk inaktivitet er også relatert til andre risikofaktorer for ikke-smittsomme sykdommer som høyt blodtrykk, høye blodlipider (kolesterol og andre fettstoffer i blodet), høyt blodsukker og høy kroppsmasseindeks. I tillegg påvirker fysisk inaktivitet psykisk helse, samt muskel – og skjelettsykdommer.²⁶

²⁵ [Folkehelseprofil 2021](#)

²⁶ [Ti store folkehelseutfordringer i Norge. Hva sier analyse av sykdomsbyrde? - FHI](#)

Folkehelsebarometeret²⁷ for Hyllestad viser at helsetilstanden til innbyggjarane er delvis betre enn elles i Noreg (t.d. færre psykiske lidingar, færre problem med muskel og skjelett, færre hjarte- og kar-sjukdom) eller på lik linje (overvekt og fedme hos 17-åringar). Ungdata-resultata fortel at 89% av dei 38 spurde ungdomane frå Hyllestad trenar minst 1 gong i veka (elles i Noreg 82%), samtidig som ein av tre ungdomar ikkje er nøgd med helsa si.

Idrettsindeksen gjev oversikt over idrettsaktiviteten i fylke og kommunar. I Hyllestad var det i 2020 244 medlemskap innan ulike typar idrett. 244 utgjer omtrent 20%²⁸ av innbyggjartalet og betyr ein forholdsvis dårleg plassering samanlikna med andre kommunar.²⁹ Gjennomsnitt for Vestland er nesten 30%. Ser ein på idrettsaktiviteten for vaksne, ungdom og barn kvar for seg, så viser det seg i Hyllestad eit bilete som er typisk for mange kommunar: Mens idrettsaktiviteten er 90% for barn, søkk talet for ungdom til 65% og for vaksne til knappe 10%.

Kva kan gjerast for å få fleire i aktivitet? Kommunane spel ei sentral rolle som tilretteleggjar for fysisk aktivitet og idrett og kan påverke og stimulere til meir fysisk aktivitet på mange plan. Derfor er det viktig å integrere aktiviseringsmål i alt kommunalt arbeid.

Nr.	Målsetting	Tiltak
27	Hyllestad skal vere eit aktivitetsvennleg lokalsamfunn der alle uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn har moglegheit til rørsle og fysisk aktivitet.	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen jobbar kontinuerleg med å legge endå betre til rette for at fleire innbyggjarar kan bli aktive. Det gjeld å «tenkje fysisk aktivitet» på alle plan og på tvers av sektorar og etatar.

På nokon område kan kommunane påverke spesielt mykje: Utvikling av nærmiljøet og fritidsarenaer (idrett, friluftsliv), barnehage/skule/SFO, helse- og omsorgsteneste og tiltak ved kommunale arbeidsplassar.³⁰



Fotballen står sterkt i Hyllestad, og bana er eit viktig anlegg og møteplass.
Foto: Hyllestad Idrettslag

²⁷ Folkehelsebarometeret er oppført i Folkehelseprofilen 2021

²⁸ Dette betyr ikkje at 20% av innbyggjarane er medlem av eit idrettslag fordi ein person kan ha fleire medlemskap.

²⁹ [Norsk idrettsindeks for 2021](#)

³⁰ [«Sammen om aktive liv». Regjeringen sin handlingsplan for fysisk aktivitet 2020 – 2029.](#)

Utvikle gå- og aktivitetsvennlige nærmiljø

Nærmiljøet er «det billigaste, beste og største treningssenteret»³¹ og bør vere tilrettelagd for eigenorganisert fysisk aktivitet for folk i alle aldre. Eit nærmiljø kan ha alt frå leikeplassar til turløyper og bør også inkludere møteplassar og rekreasjonsmoglegheiter. Nærmiljøet bør vere tilrettelagd for at ein kan gå eller sykle: «Å gå eller sykle held oss i form, sparer klima og lufta vår, støyer ikkje og er bra for bo- og bymiljø.»³² Eit anna viktig stikkord er universelt utforma turveggar og godt merka turstiar som helst er ljossatt.

For at nærmiljøet blir brukt må det utviklast i samarbeid med brukarane: «Eit nærmiljø der bebuarane sjølv har fått moglegheit til å vere med å bestemme, er dei nærmiljøa som blir mest brukt og dermed fungerer best.»³³

I Hyllestad er det 3 sentrumsområde med butikkar – Leirvik, Hyllestad sentrum og Sørbøvåg – der eit fleirtal av innbyggjarane bur og handlar. Alle 3 sentrum tilbyr diverse aktivitetstilbod for alle aldersgrupper:

- **Hyllestad sentrum:**
 - Hyllestadhallen med mange tilbod
 - Fotballbana med løpebane og klatrepark
 - Turveg frå Kvernsteinsparken til fjæra som skal bli oppgradert i samband med eit pågåande sentrumsutviklingsprosjekt.
 - Turveg gjennom Svartedalen: Der manglar det ein trygg overgang over fylkesveg 607 (er lagt inn i trafikktryggingssplan)
 - Diverse lette turstiar som ein kan gå rett frå sentrum
- **Leirvik:**
 - Universell utforma turveg opp til ei panoramahytte
 - Frisbeegolfbane
 - Diverse turstiar som ein kan gå rett frå sentrum
- **Sørbøvåg:**
 - Aktivitetspark i Hamneparken
 - Sandvolleyballbane i Hamneparken
 - «Folkestien» (lett tursti)
 - Diverse turstiar som ein kan gå rett frå sentrum

Det er behov for fleire universelt utforma turveggar som er lett å gå for alle, spesielt ved omsorgssenteret manglar det eit slikt tilbod. Det er ønskjeleg med endå fleire aktiviseringsmoglegheiter i alle 3 sentrum.

Når det gjeld gang- og sykkelveggar så finst det svært få langs hovudtrafikkåra gjennom kommunen. Mange barn og vaksne bur mange kilometer unna skulen eller arbeidsplassen sin og er derfor avhengig av eit motorisert transportmiddel. Likevel er det viktig å tilrettelegge for at dei som bur i/nær eit sentrum kan gå eller sykle til butikken. I Leirvik er det oppretta ny gang- og sykkelveg gjennom sentrum, og det er eit mål å opprette fleire gang- og sykkelveggar på Sørbøvåg og i Hyllestad sentrum.

³¹ [Sofie Viker Broen og Sara Waagen \(2016\): Tilrettelegging for egenorganisert fysisk aktivitet og friluftsliv i nærmiljøet. NMBU](#)

³² Ditto

³³ Ditto

Nr.	Målsetting	Tiltak
28	Alle 3 sentrum i Hyllestad skal ha gode nærmiljø med aktiviseringstilbod for alle aldersgrupper og minst 1 universell utforma turveg.	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle 1 universelt utforma turveg i Hyllestad sentrum, på Heggebøneset (Leirvik) og på Sørbøvåg (knytt opp til omsorgssenteret) i samarbeid med frivillige lag. • Kommunen støtter frivillige lag for tiltak som vil gjere nærmiljøet ved dei 3 sentrum endå meir aktiviserande for flest mogleg (m.a. aktivitetar relatert til sjøen).
29	Turstiane som startar ved dei 3 sentrum er godt merka og rydda.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen inngår avtaler med frivillige lag eller privatpersonar om vedlikehald av stiane.
30	Alle skal kunne låne gratis utstyr til utandørs leik og friluftsliv.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen tilbyr gratis utlån av sport- og fritidsutstyr gjennom utstyrssentralen/BUA i Hyllestad sentrum. • Grendalaga opprettar «lånekasser» ved alle 3 sentrum med aktiviserande utstyr (ballar, badminton osv.).



I Leirvik vart det i 2021 etablert ny turveg med grillhytte i regi av Leirvik Grendalag.
Foto: Gjermund Flage

Fritidsarenaer, idrett og friluftsliv

Både barn og mange vaksne sitt stille store delar av dagen. I fritida er det mogleg å kompensere for dette, gå turar i naturen, delta i organiserte idrettsaktivitetar, trene på eit treningssenter osv. I Hyllestad er det mange frivillige lag og aktørar som tilbyr ulike typar organisert idrett, fysisk aktivitet, turgåing osv. Hyllestad Idrettslag er den største aktøren med underavdelingar for fotball, handball, biljard, volleyball, friidrett, fjelltrim, barneidrett og fleire. Den nye fleirbrukshallen i Hyllestad sentrum var ferdig i 2019 og betyr eit stort løft for idrettslivet i Hyllestad. Hallen har blitt ein arena for mange organiserte idrettsaktivitetar, eit treningssenter, ulike idretts- og kulturarrangement og er møteplass

for elevar etter skulen. Det er viktig at hallen i endå større grad blir ein sosial møteplass og blir brukt av endå fleire innbyggjarar, spesielt eldre.

Eit viktig tiltak for seniorar er «Aktiv på Dagtid» i regi av kommunen. 2 gongar i veka kan alle bruke treningsrommet under oppsyn av ein ergo- eller fysioterapeut som rettleiar utøvarane i bruken av treningsapparata.

I tillegg til hallen finst det forskjellige anlegg i kommunen (fotballbanar, tennisbanar, sandvolleyballbane og skytebanar); fotballbana i Hyllestad sentrum er den viktigaste og mest brukte.

Kommunen ønskjer i dei komande åra å satse i mindre grad på nye anlegg og heller prioritere aktivitetar, god bruk og vedlikehald av dei eksisterande anlegga.

Nr.	Målsetting	Tiltak
31	Hyllestadhallen er kommunen sin hovudarena for idrett og kultur og ein møteplass for alle aldersgrupper der alle kjenner seg velkomen.	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeide med idrettslaget og andre lag om bruk av Hyllestadhallen og inkludering av endå fleire. • Kommunen held fram med tilbodet «Aktiv på Dagtid» 2x i veka. • Saman med ulike lag inviterer kommunen seniorar og tilflyttarar til «open hall-arrangement» 1x i året. • Halde hallen open og tilgjengeleg så mykje som mogleg. • Fullføre innreiing av hallen (inngangsparti, sosialt/aktivitetsrom) • Bruke frivillige hallvertar for å auke trivsel blant brukarane og for at endå fleire brukar hallen.
32	Hyllestad kommune skal ha aktive idrettslag som gjev medlemene sine gode sportslege tilbod i ei sosial og trygg ramme. Alle skal kunne delta uavhengig av økonomi og bakgrunn.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen støtter opp rundt arbeidet til idrettslaga og inviterer til dialog- og evalueringssmøte kvart år. • Barn og unge frå familiar med dårleg økonomi kan bruke «Hyllestad fritidsfond» til å betale kontingentar osv.
33	Hyllestad kommune har føremålstenlege og moderne idrettsanlegg som er godt vedlikehalde og drifta.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen samarbeider med og støtter frivillige lag om vedlikehald og drift av eksisterande anlegg. • Nye anlegg skal helst vere for eigenorganisert aktivitet (i motsetning til aktivitetar som blir organiserte av eit lag el.l.) som mange kan nytte og som blir utarbeidd i lag med brukarane.



Opningsdag for Hyllestadhallen i august 2019. Foto: Gjermund Flage

Eit anna viktig aktiviseringsverktøy er godt merka og vedlikehalde turstiar av ulik gradering (lett til vanskeleg). I Hyllestad finst det mykje flott natur, mange toppar med fantastisk utsikt og eit stort utval av turstiar – både lette og krevjande. Men med eit søkkande folketal er det ikkje lett å vedlikehalde eit så stort tal turstiar og det er derfor viktig å ha ei bevisst haldning til kva turstiar som skal prioriterast og korleis vedlikehald og drift av stiane blir sikra. Kommunen ønskjer derfor å lage ein plan for friluftslivets ferdselsårer basert på miljødirektoratets rettleiar³⁴. Målet er å identifisere, ta i vare og utvikle viktige stiar, turvegar, løyper og leier i kommunen.

Det mest populære turmålet i Hyllestad er i dag utan tvil Dagsturhytta som vart opna i oktober 2019. Turen frå Akse opp til hytta er ca. 1 km lang med ei stigning på 124 m og er enkelt å gå for dei fleste. Enkelte parti til stien har blitt veldig dårlege pga. hyppig bruk, og kommunen samarbeider med Idrettslaget om å oppgradere desse avsnitta.

Eit anna svært viktig turmål er Lihesten, det mest markante og høgste fjellet i kommunen. Lihesten er kjent langt utover kommunen og har potensial til å bli eit nasjonalt kjent reiselivsmål. Stiane opp til Lihesten er ikkje i optimal forfatning og bør oppgraderast.

Mens det er mange løyper med rød gradering, er det få i kommunen som er universelt utforma og passar til alle. Framover vil det vere viktig å satse på lågterskelturar, helst universelt utforma og helst knytt til eit sentrum eller byggefelt slik at ein kan gå direkte heimanfrå utan å måtte bruke bil.

Nr.	Målsetting	Tiltak
34	Hyllestad skal ha godt vedlikehalde turstiar og turvegar i heile kommunen av ulik gradering.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen lagar plan for friluftslivets ferdselsårer der målet m.a. er å lage ei prioriteringsliste for turstiar. • Kommunen inngår vedlikehaldsavtaler med Idrettslaget og private for merking og rydding av dei prioriterte turstiane. Alle som merkar blir invitert til eit møte kvart år.
35	Det er mange gode organiserte og eigenorganiserte friluftslivstilbod i kommunen for ulike aldersgrupper.	<ul style="list-style-type: none"> • Støtte lag og privatpersonar som tilbyr turar, turgåing med premiar osv. • Frivilligsentralen startar opp minst ei «gå-gruppe» i samarbeid med lag og private.

³⁴ [Miljødirektoratet \(2019\): Plan for friluftslivets ferdselsårer.](#)

		<ul style="list-style-type: none"> • Alle aktivitetstilbud blir godt kommunisert på kommunen si heimeside.
36	Hyllestad sin Dagsturhytte, «Sørefjordhytta», er eit viktig turmål og ein møteplass i naturen. Stien opp til hytta er godt tilrettelagd, merka og rydda.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen syter for godt vedlikehald av hytta, t.d. gjennom avtaler med lag og/eller private. • Kommunen samarbeider med idrettslaget om oppgradering og vedlikehald av stien.
37	Lihesten er det mest attraktive og kjente turmålet i kommunen med god infrastruktur og eit godt turstinett.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen lagar plan for oppgradering av Lihesten som turmål (infrastruktur, stinett, verdiskaping osv.) i samarbeid med lag og grunneigarar.
38	Det finst fleire universelt utforma turveggar i kommunen, i kvart sentrum minst ein.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen samarbeider med ulike lag og grunneigarar om universelt utforma turveggar på Heggebø, i Hyllestad sentrum og på Sørbøvåg.



Hyllestad si Dagsturhytte har blitt eit populært turmål. Foto: Gjermund Flage

Kvardagsarenaer: Barnehage, skule, SFO, arbeidsliv

Kommunen har eit lovpålagt ansvar for å legge til rette lokale og uteområde til barnehagen, skulen, SFO og arbeidsplassane til dei kommunalt tilsette på ein måte som dekker behovet for aktivitet og kvile. Med andre ord må kommunen syte for at det er gode moglegheiter for fysisk aktivitet både inne og ute.

Barnehage, skule og SFO

Barnehagen er ein viktig fellesarena for barna og skal tilby dagleg fysisk aktivitet for å fremje barnas rørsleglede, motorisk utvikling og fysiske og psykiske helse.³⁵ På skulen er det viktig at fysisk aktivitet fortset å vere ein sentral og naturleg del av skulekvardagen. Skulane kan utnytte fleksibiliteten i fag-

³⁵ [Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver - Lovdata](#)

og timefordelinga for å innføre meir fysisk aktivitet gjennom å utvide friminutta, fleire kroppsøvingstimar eller integrere fysisk aktivitet som del av undervisning i andre fag. I siste plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2016 – 2019) har Hyllestad skule satt som mål at kvar elev er aktiv i minst 60 minutt kvar skuledag. Dette tilsvarer Helsedirektoratet sine anbefalingar. For å oppnå dette vart det innført ein «fysak»-time (varer minst 30 min.) dei dagane elevane ikkje har kroppsøving. Elevar som i tillegg er fysisk aktive i friminutta oppnår målet, dei som er inaktive i pausane oppnår målet i mindre grad. Skulen sin konklusjon er at innføring av fysak er positivt og bidreg til å nærme seg målet. Elles har skulen hatt mykje fokus på fysisk aktivitet, har mobilfri skulekvardag, tilbyr det populære valfaget «Fysisk aktivitet og helse», gjennomfører friluftsliv-leirskule med kvar 7. klasse og organiserer ei friluftsvеke kvart 3. år. Når det gjeld SFO så er fysisk aktivitet også der eit viktig tema ettersom leik og rørsle er ein viktig del av SFO-kvardagen. Fysisk aktivitet kan styrkast gjennom frileik og vaksenstyrte aktivitetar.³⁶

Forskning viser at elevane lærer meir når lærarane har fordjuping i faget dei underviser i.³⁷ Det er ønskeleg at både barnehagetilsette, lærarar og SFO-tilsette skal ha høg kompetanse i kroppsøving og fysisk aktivitet. Ved Hyllestad skule har mange tilsette god kompetanse på dette feltet.

Symjeferdigheiter er eit viktig kompetansemål i skulen, og i 2017 vart det i opplæringslova nedfelt ei forskrift om obligatorisk ferdigheitsprøve i symjing. I læreplanen for kroppsøving frå 2020 er det dessutan oppført som eit kompetansemål at eleven etter 10. trinn kan forstå og gjennomføre livredning i, på og ved vatn ute i naturen. I Hyllestad har ein ikkje hatt symjebasseng i fleire år, og elevane må reise til Lavik for å få symjeopplæring. I tillegg har ungdomstrinnet begynt med symjeundervisning i sjøen med våtdrakter. Dette viser seg å vere svært vellukka og populært hos elevane. Også andre ungdomsskular praktiserer dette med stor suksess (t.d. Stadlandet skule i Stad kommune). Nesten alle drukningsulukker skjer utandørs, og det er ein stor fordel og svært ønskeleg at elevane får god trening i å symje i sjøen frå tidleg av. Det finst til og med barnehagar i Noreg som praktiserer tilvenning til vatn med våtdrakter i sjøen og har gode erfaringar med det.³⁸ Hyllestad skule og barnehage ligg så nær sjøen at det ville vere enkelt å legge til rette for at ein stor del av symjeopplæringa kan gå føre seg der. Barnehagen har i tillegg moglegheit til å søkje om tilskot for symjeopplæring og bør nytte seg av denne ordninga.

Uteområdet ved barnehagen og skulen er ein viktig arena for fysisk aktivitet og bør vere lagd til rette på ein måte som inviterer og stimulerer til mangfaldig rørsle. For barnehagar blir det anbefalt:

- *Naturinnslag, variert terreng og vegetasjon fremmer egenorganisert lek og styrker motoriske ferdigheter, og gir samtidig beskyttelse mot uønsket UV-stråling.*
- *Varierte, åpne arealer, gjerne med asfalt eller gress, bidrar til økt fysisk aktivitetsnivå. Lekeapparater er også viktige, men bidrar ofte på annen måte enn det som var tiltenkt. For eksempel brukes husker i rolleleker. Apparater som kun har én type bruk kan ha nyhetens interesse for de minste, men ikke for de eldre barna.³⁹*

Hyllestad barnehage fekk oppgradert sitt uteområde for 2 år sidan, men utan fagleg assistanse. Det vil vere viktig å få ei fagleg vurdering av t.d. ein landskapsarkitekt av uteområdet og korleis det kan leggjast endå betre til rette.

Følgjande punkt er anbefalt for uteområde til skulane:

- *Naturområder fremmer variert bruk og lek og beskytter mot uønsket UV-stråling. Naturområder bidrar dessuten til økt fysisk aktivitetsnivå og kan muligens bedre kognitive ferdigheter.*

³⁶ «Sammen om aktive liv». [Regjeringen sin handlingsplan for fysisk aktivitet 2020 – 2029.](#)

³⁷ Dito

³⁸ [Barnehage.no – Viktig at barnehagen tar ansvar for å gjøre ungene trygge i vann](#)

³⁹ NMBU: Uteområder i skoler og barnehager – hvordan sikre kvalitet i utformingen? [Uteområder i skoler og barnehager | Gode idrettsanlegg](#)

- *God tilgang på lekeapparater, annet utstyr for fysisk aktivitet og ulike overflater bidrar til økt bruk av uteområdene. Varierte og mange nok funksjoner er viktigere enn antall apparater.*
- *Variasjon med mange og små nisjer framfor noen få store arealer, som for eksempel store ballarealer. I tillegg bidrar naturinnslag til flere ulike aktiviteter og reduserer inaktivitet. Slike uteområder appellerer til alle, uavhengig av kjønn.*⁴⁰

Hyllestad skule sitt uteområde er prega av mykje asfalt og få moglegheiter til rørsle. Einaste større investering er klatreparken som alle kommunar i Sogn og Fjordane fekk installert med hjelp av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Hyllestad kommune er med i det fylkeskommunale prosjektet om nyskapande aktivitetsanlegg rundt skular med oppstart i 2022. Fylkeskommunen betalar for fagleg rådgjevar som skal hjelpe med å utvikle eit aktiviserande og inspirerande uteområde rundt skulen. Eit viktig mål er at uteområdet også blir tatt i bruk utanom skuletida, på ettermiddagar, kveldar, helgar og i feriar. Det finst mange brukargrupper i tillegg til elevar og lærarar som t.d. naboar, feriegjestar, besøkjande på ulike arrangement i sentrum osv. Brukarmedverknad står sentralt i prosjektet.

Nr.	Målsetting	Tiltak
39	Alle barn og unge som går i barnehagen eller skulen er fysisk aktive i minst 60 minutt i løpet av dagen.	<ul style="list-style-type: none"> • Hyllestad skule held fram med å ha ein «fysak»-time dei dagane det ikkje er kroppsøving. • Alle elevar på skulen bør vere ute i friminutta. • Skulen held fram med mobilfri skulekvardag • Skulen held fram med å tilby valfaga «Fysisk aktivitet og helse» og/eller «Friluftsliv». • Skulen held fram med å gjennomføre leirskule i 7. klasse med fokus «fysisk aktivitet og friluftsliv». • Skulen gjennomfører ei friluftsvеke for heile skulen kvart 3. år
40	Alle tilsette i barnehagen, skulen og SFO har god kunnskap og kompetanse om fysisk aktivitet. Alle kroppsøvingslærarar har minst 30 studiepoeng i faget.	<ul style="list-style-type: none"> • Leiinga i barnehagen, skulen og SFO tilbyr og organiserer kontinuerleg kompetanseheving for dei tilsette.
41	Barnehagen og skulen brukar sjøen regelmessig som opplæringsarena for tryggleik i vatn og for symjeundervising.	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen nyttar seg av tilskotsordninga om symjeopplæring for barnehagar og gjennomfører opplæring/trygg i vatn både i sjøen og i symjehallen i Lavik. • Skulen brukar sjøen på alle trinn til symjeopplæring. • Barnehagen og skulen syter for at dei tilsette som har ansvar for symjeopplæring har/får rett kompetanse.
42	Barnehagen og skulen sitt uteområde skal inspirere til mangfaldig aktivitet og også bli brukt av andre brukargrupper utanom	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen sitt uteområde blir evaluert av fagpersonar, og det blir laga ein plan for ei evt. oppgradering.

⁴⁰ Ditto

	skuletida. Medverknad av brukarane står sentralt i utviklinga.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen held fram med prosjektet «Nyskapande aktivitetsanlegg» for å oppgradere skulen sitt uteområdet.
--	--	--

Kommunale arbeidsplassar

Eit fleirtal har i dag eit arbeid der ein sitt i ro store delar av tida – noko som på lang sikt kan ha negative konsekvensar for helsa. I følgje arbeidsmiljølova har kommunen som arbeidsgjevar på den eine sida plikt til å motverke eventuelle skadelege arbeidsmiljøforhold, på den andre sida plikt til å vurdere tiltak for å fremje fysisk aktivitet hos arbeidstakarane.⁴¹

Moglege tiltak er å oppmode til å gå eller sykle til jobben, oppmode tilsette til å bruke trapper i staden for heis, legge til rette for fellestrening osv. Hyllestad kommune tilbyr «kollegatrim» kvar onsdag ettermiddag og har deltatt i den nasjonale kampanjen «sykle til jobben».

Nr.	Målsetting	Tiltak
43	Hyllestad kommune sine tilsette er godt informert om gevinsten ved fysisk aktivitet og er motiverte til å leve ein sunn og aktiv livsstil.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen informerer alle tilsette regelmessig om gevinsten til fysisk aktivitet og fordelane med ein sunn og aktiv livsstil. • Kommunen inviterer til «kollegatrim» kvar onsdag. • Kommunen deltar i den nasjonale kampanjen «Sykle til jobben» • Kvar tilsett får ein gratis prøvetime på treningsrommet.

Helse- og omsorgstenesta

Helse- og omsorgspersonell møter menneske med sjukdom, skader, lidingar og nedsett funksjonsevne og har eit særskilt ansvar for at fysisk aktivitet nyttast som tiltak for å førebygge og behandle sjukdom. Livet til mange eldre er prega av at dei mister sosial kontakt, t.d. når dei blir pensjonistar eller mistar ektefellen, og tre av ti personar over 80 seier dei er einsame. Mange eldre har behov for tilpassa møteplassar og sosiale aktivitetar i lokalsamfunnet, gjerne på tvers av generasjonane. Fysisk aktivitet og fellesskap er viktig for å halde seg ved god helse, beskyttar mot ei rekke helseplagar og reduserer dødelegheit. Leve heile livet reforma set fokus på aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap. Hyllestad kommune tilbyr «Aktiv på Dagtid» 2x i veka på treningssenteret i Hyllestadhallen for alle som ønskjer å bruke det. På Eiklund omsorgssenter vart det innretta ein utandørs sansehage for demente. Det manglar ein universelt utforma turveg som fører frå senteret til butikken og hamna. Det er også viktig at bebuarane får eit systematisert tilbod om fysisk aktivitet ute og inne.

Nr.	Målsetting	Tiltak
44	Det finst eit mangfaldig tilbod innan fysisk aktivitet for eldre og personar med særskilte behov.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen opprettar Frisklivssentralen og held fram med «Aktiv på dagtid» 2x i veka.

⁴¹ [«Sammen om aktive liv». Regjeringen sin handlingsplan for fysisk aktivitet 2020 – 2029.](#)

		<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen samarbeider med frivillige lag og private for å stimulere og skape aktiviserende tilbud (gågrupper, dansegrupper el.l.). • Kommunen syter for at alle innbyggjarar får god informasjon om tilboda.
45	Bebuarane av sjukeheimen og omsorgsboligane får tilbod både om individuelt tilpassa aktivitet og gruppeaktivitetar. Treningsrommet på Eiklund blir brukt meir aktivt.	<ul style="list-style-type: none"> • Den einskilde avdelinga i sjukeheimen og i omsorg lagar aktivitetsplan for den einskilde bebuar som dei tilsette i avdelinga har ansvar for å følgje opp. Kvar avdeling får ein aktivitetsansvarleg som følgjer opp planen systematisk. • Dei tilsette i samarbeid med pårørande og frivillige (frivillighetsentralen) gjennomfører faste aktivitetar som stimulerer aktivitet 1-2 gongar per veke. • Utvikle eit konsept for aktiv bruk av treningsrommet. Sette ned ei arbeidsgruppe av frivillige/tilsette/pårørande for utvikling av tilbod i treningsrommet.
46	Sjukeheimen og omsorgsbustadane på Sørbovåg skal vere ein del av nærmiljøet som inviterer til fysisk aktivitet. Gjerne som møteplassar og naboskap på tvers av generasjonar og funksjonar.	<ul style="list-style-type: none"> • Ved omsorgssenteret etablerast ein universelt utforma turveg ned til Hamneparken. • Utvikle tiltalende og tilrettelagt utemiljø som inviterer til aktivitet og rørsle. • Tilrettelegge leikeplass som kan gjere det meir attraktivt for pårørande med barn, barnehagar og skule å komme på besøk til sjukeheimen.
47	Alle tilsette i helse- og omsorgstenesten som jobbar direkte med brukarar har god kunnskap og kompetanse om fysisk aktivitet og brukar dette i sitt arbeid med brukarane.	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen tilbyr og organiserer kontinuerleg kompetanseheving for dei tilsette. • Systematisk bruk av tavlemøte med ergo- og fysioterapeut 1x pr. veke i dei ulike avdelingane med tema innan aktivitetstiltak, øvingar m.m. som stimulerer til systematisk fokus og tilrettelegging for aktivitet hos heimebuande og bebuarar i sjukeheimen og omsorgsbustadane
48	Alle som treng transport for å komme seg til aktivitetar osv. skal ha moglegheit til å tinge transport.	<ul style="list-style-type: none"> • Bruke kringom sitt serviceskysstilbod og avklare kva dag(ar) som vil passe best. Informere innbyggjarane om tilbodet. • Bygge opp alternative ordningar med frivillige sjåførar gjennom frivilligsentralen.

Handlingsplan for anlegg

Anlegg for idrett og fysisk aktivitet kan få tilskot via spelemiddelordninga. I «føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2021» leggjast det vekt på at:

De viktigste målgruppene for bruk av spillemidler til idrettsformål er barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år). I tillegg vil staten legge til rette for at personer med nedsatt funksjonsevne skal kunne delta i idrett og fysisk aktivitet ut fra sine ønsker og forutsetninger. Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstillende barns behov for fysisk aktivitet i organiserte eller egenorganiserte former, prioriteres særskilt.

Det er videre et mål å utvikle anlegg som tilfredsstillende ungdommens behov for utfordringer og variasjon. Ungdom må gis mulighet til å medvirke i utformingen av anlegg. Anleggene bør fungere som gode sosiale møteplasser i lokalsamfunnene.⁴²

Kommunane skal utarbeide årlege handlingsprogram i planperioden basert på spelemiddelsøknader frå lag og organisasjonar. Handlingsprogrammet skal prioritere tiltaka og vedtakast av kommunestyret i desember kvart år.

Ordinære anlegg

I den førre planen (2016 – 2019) var desse tiltak prioritert:

Nr.	Anleggsnamn	Søkjjar/eigar	Status
1	Hyllestad idrettsanlegg - kunstgrasbane (rehab.)	Hyllestad kommune	Ferdig
2	Idrettshus - Klubbhus Ønadalen	Hyllestad skyttarlag	Ikkje realisert
3	Fleirbrukshall - normalhall 25 * 45 m.	Hyllestad kommune	Ferdig
4	Symjebasseng 12,5 * 8,5 m.	Hyllestad kommune	Ikkje realisert
5	Aktivitetssal - biljard ca. 250 m2 (Delelement hall)	Hyllestad kommune	Ferdig
6	Aktivitetssal - aerobic, trim, bogeskyting (delelement hall)	Hyllestad kommune	Ferdig
7	Sosialt rom (delelement hall)	Hyllestad kommune	Ferdig
8	Friluftsliv - Tursti Sauesnyken	Leirvik Grendalag	Realisert utan spelemidler
9	Friluftsliv - Sanitæranlegg dagsturhytta	Leirvik Grendalag	Ikkje realisert
10	Friluftsliv - Tursti (fiskesti mellom Flossvatnet og Korshaugvatnet, via Bergsvatnet og Uksetjønna	Hyllestad Jakt- og Fiskelag	Ikkje realisert
11	Friluftsliv - Sanitæranlegg Myklebustneset	Hyllestad Grendalag	Ikkje realisert

Handlingsprogram for perioden 2022 – 2025:

Nr.	Anleggsnamn	Søkjjar	Anleggsstad	Status	Søknadsår	Kostnad	Utbetalt	Spelemidler / restspelemidler
1	Idrettshall med garderobar, styrketrening og sosialt rom	Hyllestad kommune	Hyllestad sentrum	Godkjent	2018	35 545 000	8 300 000	2 900 000
2	Aktivitetssal biljard, klubblokale, garderobe og lager	Hyllestad kommune	Hyllestad sentrum	Godkjent	2018	8 281 000		2 700 000
3	Fleiraktivitet, buldrevvegg inne i Hyllestadhallen	Hyllestad kommune	Hyllestad sentrum	Godkjent	2018	1 611 000		537 000
4	Turstiar (etablering av skilt/merking)	Vestland fylkeskommune	Turstiar i Hyllestad	Godkjent	2020	425 000		213 000
5	Tursti Akse – Sørefjordhytta	Hyllestad	Sørefjordsvatnet	Godkjent	2021	821 000		410 000
6	Turveg til Sauesnyken (inkl. grillhytta Panorama)	Hyllestad kommune	Bråstad/ Heggebø	Godkjent	2021	1 873 000		843 000

⁴² [Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2021 \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no)

7	Sanitærbygg på Heggebøneset	Hyllestad kommune	Bråstad/ Heggebø	Godkjent	2021	1 177 000		331 000
8	Ønadalen feltskytebane	Hyllestad skytterlag	Ønadalen skytebane	Planlagt	2022	1 500 000		500 000
9	Dagsturhytta – oppgradering av varmekjelde	Hyllestad kommune	Sørefjordsvatnet	Planlagt	2022	60 000		20 000
10	Turveg Hyllestad sentrum	Hyllestad kommune	Hyllestad sentrum	Under planlegging	2023	1 000 000		500 000
11	Lite aktivitetsanlegg Hyllestad skule	Hyllestad kommune	Hyllestad sentrum	Under planlegging	2023	4 500 000		1 500 000
12	Stort aktivitetsanlegg Hyllestad skule	Hyllestad kommune	Hyllestad sentrum	Under planlegging	2023	6 000 000		2 000 000
13	Sanitærbygg på Myklebustneset	Hyllestad kommune	Hyllestad sentrum	Under planlegging	2023	900 000		300 000
14	Hyllestad fleirbrukshus rehab./ utviding sanitær-anlegg	Hyllestad Idrettslag	Hyllestad sentrum	Under planlegging	2023	900 000		300 000
15	Tursti/turveg Myklebustneset, gapahuk, stupebrett, brygge	Hyllestad kommune	Hyllestad sentrum	Under planlegging	2023	1 000 000		500 000
16	Ønadalen skytterhus – frittstående sanitær-anlegg	Hyllestad skytterlag	Ønadalen skytebane	Under planlegging	2023	150 000		50 000
					Total	51 233 000	8 300 000	8 434 000

* Nye ordinære anlegg kan rullerast inn årleg.

* Kostnader og spelemiddeltilskot er estimert for anlegg under planlegging.

* Kostnader er inkludert mva.

Nærmiljøanlegg

I den førre planen (2016 – 2019) var desse tiltak prioritert:

Nr.	Anleggsnamn	Søklar/eigar	Status
1	Sandvolleyballbane i Hamneparken Sørbøvåg	Øen Grendalag	Ferdig
2	Turveg Myklebustneset	Hyllestad Grendalag	Ikkje realisert
3	Turløype - Parkveg Hamneparken Sørbøvåg	Øen Grendalag	Ikkje realisert
4	Ballbinge Skor	Skor Grendalag	Ikkje realisert
5	Utandørs treningspark – Hamneparken Sørbøvåg	Øen Grendalag	Ikkje realisert
6	Ballbinge Hamneparken Sørbøvåg	Øen Grendalag	Ikkje realisert

Handlingsprogram for perioden 2022 – 2025:

Nr.	Anleggsnamn	Søklar	Anleggsstad	Status	Søknadsår	Kostnad	Spelemidlar
1	Tursti Myklebustneset	Hyllestad Grendalag	Hyllestad sentrum	Under planlegging	2023	600 000	300 000
2	Sandvolleyballbane Heggebøneset	Leirvik Grendalag	Bråstad / Heggebø	Under planlegging	2023	400 000	200 000
3	Sandvolleyballbane Myklebustneset	Hyllestad Grendalag	Hyllestad sentrum	Under planlegging	2023	400 000	200 000
4	Lyssett turveg frå omsorgssenteret – Hamneparken	Hyllestad kommune	Sørbøvåg	Under planlegging	2023	1 200 000	600 000
5	Lyssett turveg Heggebøneset (Kyststien)	Leirvik Grendalag	Bråstad / Heggebø	Under planlegging	2023	1 200 000	600 000
6	Trimpark Heggebøneset	Leirvik Grendalag	Bråstad / Heggebø	Under planlegging	2023	300 000	150 000
					Sum	4 100 000	2 050 000

* Nærmiljøanlegg med kostnadsramme over 600 000 kr. skal vere prioritert i kommunal plan, men kan rullerast inn årleg

* Kostnader og spelemiddeltilskot er estimert for anlegg som er under planlegging


* Kostnader er inkludert mva.

6. Vedlegg

Lag og organisasjonar i Hyllestad kommune

Barnas Turlag Hyllestad
Bøfjorden Båtlag
Fjaler og Hyllestad Bondelag
Fjordklang
Folkeakademiet Hyllestad
Friskis & Sveltis
Hyllestad Bonde- og småbrukarlag
Hyllestad Båtlag
Hyllestad Grendalag
Hyllestad Handikaplag
Hyllestad Idrettslag
Hyllestad Jakt- og fiskelag
Hyllestad Skulemusikk
Hyllestad Pensjonistlag
Hyllestad Røde kors
Hyllestad Seniordans
Hyllestad Skyttarlag
Hyllestad Sogelag
Hyllestad Ungdomsråd
Lauvsprett 4H
LHL Hyllestad
Leirvik grendalag
Lifjorden Bygdelag
Salbu og Øen Vel
Skifjorden Grendalag
Skor Grendalag
Sørbøvåg Bridgeklubb
Sørbøvåg Båtlag
Venelaget for Kvernsteinsparken
Øen Grendalag
Øen Helselag
Åfjorddalen Bygdekvinnelag
Åfjorddalen Ungdomslag

På www.hyllestad.info/fritid er det portrett av dei fleste lag og organisasjonar i kommunen.



Hyllestad
kommune